



Nils Gullak Kvalvågnes
Kvalvågnesvegen 681
5956 Hundvin

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

Vedtak i klagesaker som gjeld avvisning av klager på ferdigattest for parkeringsareal og på vedtak om næringsseksjonering, gbnr. 188/757, Lindås kommune

Vi viser til oversendingar frå Lindås kommune 28.05.2019, som gjeld klage på vedtak om avvisning av klage på vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om ferdigattest for parkeringsareal og klage på vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om avvisning av klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om avvisning av klage på vedtak om ferdigattest for parkeringsareal.

Fylkesmannen stadfestar vedtak frå Lindås kommune 13.05.2019 om avvisning av klage på vedtak om næringsseksjonering for parkeringsareal.

Bakgrunn for saka

Lindås kommune gjorde vedtak om rammeløyve 27.04.2016 for oppføring av 36 husvære med felles parkeringskjellar og tilhøyrande anlegg på gbnr 188/757. Kommunen gjorde vedtak om seksjonering for tiltaket den 05.06.2018. Kommunen gav ferdigattest for tiltaket den 09.01.2019.

Du klaga 20.02.2019 på vedtaket om ferdigattest for parkeringsarealet, og på vedtaket om næringsseksjon – parkering med seksjonsnummer 37. Næringseksjonen parkering - gbnr 188/757/37- inneheld 47 parkeringsplassar i parkeringskjellaren.

Kommunen avviste klagene dine i vedtak 13.05.2019. Grunngevinga for avvisinga var at klagene var komne inn etter fristen. Kommunen vurderte i begge sakene om det var grunnlag for å gje oppreisning for overskriden klagefrist, men kom til at det ikkje var grunnlag for dette.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser vi til saksdokumenta, som vi reknar med at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17 første ledd.



Regelverk

Fylkesmannen er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vi skal som klageinstans sjå til at kommunen under handsaminga av saka har følgd dei lovene, forskriftene og sakshandsamingsreglane som gjeld på området. Fylkesmannen kan under klagehandsaminga prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Fylkesmannen leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Ifølgje forvaltningslova § 34 har Fylkesmannen plikt til å avvise saka dersom vilkåra for å handsame klagen ikkje er til stades. Fylkesmannen er ikkje bunden av kommunen har kome til at vilkåra for å handsame klagen er til stades.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har vurdert om vilkåra for å ta klagen på vedtaka til behandling er oppfylt.

Klagen på vedtak om næringsseksjonering

Kommunen gjorde vedtak om seksjonering for tiltaket den 05.06.2018. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29 då tre veker etter at melding om vedtaket er sendt ut.

Dersom ein ikkje har motteke underretning om vedtaket, skal klagefristen etter forvaltningslova § 29 andre ledd reknast frå tidspunktet ein har fått eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Det følgjer vidare av regelen at for vedtak som går ut på å gje nokon ein rett, er klagefristen for andre likevel seinast tre månader etter at vedtaket vart gjort.

Eit løyve til seksjonering fell innanfor omgrepet å «tilstå noen en rettighet». Klagefristen for andre er difor tre månader frå vedtaket vart gjort. Klagen motteken 20.02.2019 er difor komen inn etter klagefristen, og utgangspunktet er då at klagen skal avvisast.

Vi har også vurdert om vilkåra for oppreisning for oversitting av klagefrist i forvaltningslova § 31 er stetta. Det er ikkje kurant å gje oppreisning etter forvaltningslova § 31, og det er opp til forvaltninga sitt frie skjønn å vurdere spørsmålet. Det vil seie at det ikkje er nokon som har rettskrav på oppreisning.

Klagen kan etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b handsamast dersom parten ikkje kan lastast for å ha overskride fristen eller for å ha drygd med å klage etterpå. Du hevdar at kommunen ikkje har opplyst om klagerett og klagefrist. Det går fram av kommunens vedtak 05.06.2018 at det er opplyst om klagerett og klagefrist i vedtaket. Det går vidare fram av e-post datert 09.01.2019, at du på dette tidspunktet hadde kjennskap til seksjoneringa, og til at det var gjort vedtak 05.06.2018. Desse opplysningane tilseier at du per 09.01.2019 var klar over at vedtak var gjort, vedtaksdatoen, og innhaldet i vedtaket. Du klaga likevel ikkje før 20.02.2019, noko som også er over tre veker etter at ein må gå ut frå at du kjende til vedtaket. Vi kan difor ikkje sjå at det er grunn til å gje oppreisning for overskriden klagefrist etter § 31 første ledd bokstav a.

Vi kan heller ikke sjå at det er særlege grunnar til at klagen blir prøvd, jf. § 31 første ledd bokstav b. Fylkesmannen vurderer det slik at saka ikkje er av en slik art at ho har særskilt stor betydning for deg, eller at ho reiser prinsippspørsmål som ikkje er avklart tidlegare. Vi viser til kommunens vurdering av at spørsmåla du reiser i klagen, ikkje gjeld rettsanvendning som vil få betydning for



resultatet i seksjonerings-saka, sidan tal parkeringsplassar tilgjengelege for bebuarane er i tråd med plan og rammeløyve.

I denne saka har tiltakshavaren fått løyve til seksjonering, og endring av dette vil vere til ulempe for tiltakshavaren, noko som skal vektleggjast i vurderinga. Etter ei samla vurdering har vi kome til at vilkåra for fristoppreisning ikkje er stetta.

Ifølgje forvaltningslova § 34 har Fylkesmannen plikt til å avvise saka dersom vilkåra for å behandle klagen ikkje er stetta. Klagen skal difor avvisast.

Klagen på vedtak om ferdigattest

Vedtaket om ferdigattest er datert 09.01.2019 og ifølgje kommunen sendt ut per post same dag. Det går ikkje fram av saka om du fekk vedtaket om ferdigattest tilsendt, men det kjem fram av brev frå kommunen til deg datert 11.01.2019 at ferdigattest er gjeve. Dykkar klage er mottatt av kommunen den 20.02.2019. Vi legg difor til grunn at klagefristen på vedtaket om ferdigattest er overskriden.

Vi har også vurdert om vilkåra for oppreisning for oversitting av klagefrist i forvaltningslova § 31 er stetta. Det er ikkje kurant å gje oppreisning etter forvaltningslova § 31, og det er opp til forvaltninga sitt frie skjønn å vurdere spørsmålet. Det vil seie at det ikkje er nokon som har rettskrav på oppreisning.

Klagen kan etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b handsamast dersom parten ikkje kan lastast for å ha overskride fristen eller for å ha drygd med å klage etterpå. Det går fram av saka at du var i dialog med kommunen om saka og hadde kjennskap til saka slik at det var mogleg for deg å gjere deg kjend med vedtaket og klage innan klagefristen. Vi kan difor ikkje sjå at det er grunn til å gje oppreisning etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b.

Vi kan heller ikkje sjå at det er særlege grunnar til at klagen blir prøvd. Fylkesmannen vurderer det slik at saka ikkje er av en slik art at ho har særskilt stor betydning for deg, eller at ho reiser prinsippspørsmål som vert avgjerande for spørsmålet om ferdigattest. Vi viser til kommunen si vurdering i avvisningsvedtaket.

Tiltakshavaren har fått vedtak om ferdigattest, og endring av dette vil vere til ulempe for tiltakshavaren, noko som skal vektleggjast i vurderinga. Etter ei samla vurdering har vi kome til at vilkåra for fristoppreisning ikkje er stetta.

Ifølgje forvaltningslova § 34 har Fylkesmannen plikt til å avvise saka dersom vilkåra for å behandle klagen ikkje er stetta. Klagen skal difor avvisast.

Oppsummering

Fylkesmannen har med dette vurdert dei faktiske og rettslege sidene ved saka. Vi har kome til at Lindås kommune har vurdert klagen forsvarleg etter gjeldande regelverk, og vi kan heller ikkje sjå at kommunen har lagt vekt på usaklege eller utanforliggjande omsyn. Klagen har dermed ikkje ført fram, og vedtaka frå kommunen om avvisning av klagen vert stadfesta.



Vedtaka er endelege og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Jorunn Fosse Fidjestøl
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
ADVOKATFIRMAET VIKSE AS	Postboks 95	3101	TØNSBERG
SAMEIET KNARVIK TERRASSE	Kvassnesvegen 55	5914	ISDALSTØ